

MODALEN KOMMUNE
Mo
5729 MODALENDato: 04.05.2017
Vår ref.: 2017/342-18
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Att. Ove Sæbø

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Modalen kommune 2017

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Viser til dykkar søknad om midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder for 2017. Det er 7 søknadar og alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildelte i møte 26. april 2017 Modalen kommune kr. 60 000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområde og kr 30 000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard for innlegging i Naturbase. 75% av midlane vil bli overført ved oppstart og 25% av tilskotet vert utbetalt ved ferdigstilling av arbeidet.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- *Link til brukarretteiing*

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2017/342
Ressursnummer: 12564
Beløp: kr 68 000

Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. desember 2017. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak i tråd med M98-13 og ev. avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Hordaland fylkeskommune ønskjer dykk lykke til med dette viktige arbeidet!

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.